

Austrheim Pensjonistlag har medlemsmøte på Seniorsenteret onsdag 19. april til vanleg tid. Ludvig Korsøen vert med oss. Elles allsong, utlodning, kaffikos og informasjon om 35-årsjubileum og sommartur. Hjartelig velkomne! Helsing Styret.

Bruktbutikken ved Fonnes senter Mykje fine ting. Opnings-tid tysdag og fredag midt på dagen.

Seniordansen i Austrheim på seniorsenteret torsdag til vanleg tid. Me ønskjer nye og gamle medlemer velkomne.

Masfjorden

Masfjordsprett har seniordansøving på Matre torsdagar. Velkomne.

Måltrastena og songkoret Spleis m/solist og orkester yn-sker velkomen til konser-ten «No kjem ein vals» i Nordbygda samfunnshus på Risnes søndag 23/4. Songar og tekstar av kysttribaduren Johannes Kleppevik.

Gulen

Gulen seniordans Dalsøyra samfundshus 19.04. til vanleg tid. Me ynskjer velkomen til gladdansen, med trim for kropp og sinn.



Min kjære Kåre og store ungdoms kjærleik, alltid tolmodig og hjelpsam pappa, besten vår, svigerfar, svigerson, bror, svoger og onkel

Kåre Ljones

f. 02.12.41 i Strandebarm døydde 09. april 2017 på Knarvik sjukeheim etter kort tids sjukdom.

Britt
Tore — Kjersti-Iren
Kjersti
Frode — Ingrid
Marie, Live,
Lars August, Idunn
Kari

Takk for den du var og alt du gjorde for oss.

Gravferd frå Knarvik kyrkje onsdag 19. april kl. 11.00, med påfølgande kistenedsenking på gravplassen i Strandebarm. Etterpå er alle velkomne til minnestund i Kyrkjelydshuset i Strandebarm.

Dei som ynskjer det kan gje ei gåve til Personskadeforbundet LTN sin gåvekonto: 8101.28.94341

Til brukarar av Rema 1000 sin parkeringsplass på Frekhaug

Eg berre lurar på om de som kjem ut frå ein parkeringsplass veit at de har vikeplikt både frå høgre og venstre?

INNLEGG

Neste gong eg nesten blir påkjørt når eg skal heim, dvs Lonerenen, så akter eg å stå i ro til de/du har bestemt deg for å kjøre ut frå Rema 1000. Blir eg påkjørt, kan det bli dyrt for deg/

dykk. De kjører så fort ut frå Rema 1000 at ein skulle tru de har nokon i hælane. Er det for å «svinekjøre» heim til kjøttkalkene? Ta ein tur til Rema 1000 i Knarvik, så vil du/de sjå korleis det skal kjørast ut frå ein parkeringsplass. No er eg lei av nesten å bli påkjørt. Eg veit at eg har forkjørsrett når eg skal heim på denne plassen.

Laila Rossland

Foto: Harald Rongevær



Negative konsekvensar av nye reglar for pasientreiser

Frå 1. oktober 2016 innførte Helsedepartementet nye reglar for transport til lege/ fysioterapi. Pasientar som ikkje har medisinsk grunngjeving, og som bur innanfor grensa for 10 km til behandlingsstaden, må dekke transportutgiftene sjølve. Andre som bur lenger vekke, får drosjetransporten dekket med eigenandel som inngår i frikortordninga.

INNLEGG

Dette meiner vi er diskriminering overfor dei brukarane som bur i distriktet, der offentleg

transport er nærast fråverande. Til dømes i Masfjorden er det ikkje busstilbod mellom kl. 8 og 14 (kl 8 og 17 i skuleferiar). Ei reise med drosje for desse pasientane kan fort komme opp i kr. 500,- t/ r.

Det er spesielt dei som er kronisk sjuke og som bur i meir gravgrendte strøk som vert hardest straffa ved dei nye reglane for transport. Det kan fort bli til at dei som treng det ikkje prioriterer naudsynt behandling, f eks hos fysioterapeut, på grunn av at kostnadane med reiseutgifter blir så store. Dette vil gå sterkt ut over livskvaliteten til dei det gjeld og kan igjen

gjere seg utslag i sjukmeldingar og i verste fall at desse personane vert uføretrygda på grunn manglande behandling/oppfølging.

Det kan vel ikkje vere dette utfallet Helsedepartementet og styresmaktene har sett for seg som ei ønska utvikling i eit land der vi snart er like mange uføre og pensjonistar som vi er arbeidstakarar. Dette vil og auke ulikskapen mellom by og land, mellom dei som tenar godt og har god råd og dei som ikkje er fullt så heldig stilt.

Det bør ikkje ligge økonomiske føresetnader til grunn for om ein pasient ser seg råd

til å gjennomføre naudsynt behandling eller ikkje.

For samfunnet og fellesskapet er det viktig at så mange som mogleg av oss kan vere i arbeid og på den måten bidra til å sikre velferdsstaten som vi alle er avhengige av og nyt godt av.

Vi er no inne i eit valår. Eg vil oppfordre alle til å jobbe for at det blir likestilling mellom by og land, dei som har god økonomi og dei som ikkje er fullt så heldige, dei som er friske og dei som er sjuke – anten kronisk eller for ein periode av livet.

Hosteland, 12.04.17
Liv Oda Dale
Masfjorden Arbeiderparti


Er strilane i Nordhordland for smålåtne?

«Inne i Hardanger er dei så stolte at dei ikkje går or vegen for bilane ein gong»,sa ein irritert bilist på veg til ferja i Kvandal.

INNLEGG

Bak ironien får vi auga på eit poeng. I eit par hundreår har området vore symbolet på den norske nasjonalromantikken. Naturen i Hardanger har vorte hylla med fjorden,fjella og fossane. Dei har Agatunet og fleire museum som kan visa gamle tradisjonar og byggeskikk. I Øystese ligg fylket sin tusenårsstad, “Kabuso”, men det er det nok ikkje andre enn hardingane som veit om. Har då vi strilane noko å vera stolte av?

Vi har ikkje noko dramatisk natur, berre nokre høgdedrag innst i fjordane, men vi har mange lune viker og ein av dei vakreste skjærgardane i landet. På denne karrige kyststripa har forfedrane våre klart å overleva som fiskarbønder i tusenvis av år. Ute på Straume finn vi far etter dei første som kom, og viser korleis dei levde. Er det verd å skryta litt av det? Er det verd å visa verda korleis det gjekk an å ha ein levemåte her ute mellom berg og knaus? Kan vi vera stolte av at den første spiren av



ein norsk stat, vart organisert langs kysten vår. Kongsgardane låg på rekke og rad nordover frå Avaldsnes. Ein av dei låg i Seim. Er det noko som strilane kan vera stolte av at vårt område hadde politisk makt i ein nasjonal startfase på 900 talet.

Håkonshaugen ligg der som eit nasjonalt minnesmerke over Håkon den Gode og tida han levde i.

Symbola i porten og alteret fortel om den åndskampen som gjekk føre seg mellom kristendommen og den gamle trua.

Det er også Tusenårsstaden i Lindås. Håkonarspelet dramatiserte dette og skapte blest omkring historien.

Det engasjerte revyamatorar frå heile Nordhordland til samspel med proffesjonelle.

Spelet var ein av hovudattraksjonane i Kystsogeveken den gongen, og kunne fortelja om den første, kristne kongen som og var den første til å bygga institusjonar i ei gryande statsdanning.

Dette synest eg er viktig å formidla, ikkje minst for oss sjølve, men også for tilreisande. Vi har ikkje vore flinke til å ta vare på minne frå gamal tid, og difor er det ekstra viktig å fortelja om det vi har.

Lynghesenteret formidlar på ein fin måte sin bit av det store spekteret,og Strilamuseet sin utstilling på Seim, kunne i 10 år fortelja om samanhengen mellom gamal og ny tid i vårt område.

Elles har vi mange bygningar og private samlingar spreidd i regionen som bør meir fram i lyset

Når kommunegrensene snart vert endra, er det endå viktigare å tenkja region og strilekultur. Vi treng eit utstillingsvindauga, eit Strilamuseum, som samstundes har eit samordnings-

ansvar for dei attraksjonane vi alt har.

Er vi stolte av det som er vårt? Kan henda bur vi så nære Bergen at vi gjennom hundreåra har beundra det urbane og sett ned på vårt eige som fattigslege strileting? No er forskjellen på bymann og stril svært liten,og skarpe r- en er på full fart inn i strilamålet. Då vert det ekstra viktig ta vare på fortida vår på ein stolt og skikkeleg måte.

Ja, kanskje vi endå til kunne tent oss nokre ekstra kroner på auka turisme.

For over eit år sidan, overrekte Lindås sogelag, til ordførar og kultursjef i Lindås, ei ideskisse for eit visningscenter for Håkon den Gode bygd saman med eit Strilamuseum. I eit brev bad dei kommunen føra dette arbeide vidare ved å velja ei kommunal nemnd , samansett av interesserte og kompetente personar.

Det er enno ikkje gjort, og må vel då tolkast slik at det ikkje er noko interesse for desse sakene i kommunen. Det er trist og lite framtidsretta.

No får vi setja vår lit til at kulturetaten i den nye storkommunen, vil visa større interesse for denne delen av kulturen.

Johannes Rydland